

SAKSFRAMLEGG

| | | | |
|----------------|-------------------|--------|----------|
| Saksbehandlar: | Åge Erstad Remvik | Arkiv: | K1 - 002 |
| Arkivsaksnr: | 14/1178 16/1028 | | |

Kommunereforma - endring i rammevilkår for nullalternativet - vidare prosess for Regionkommune Sunnmøre

| Utval: | Møtedato: | Saksnr.: |
|---------------|------------|----------|
| Formannskapet | 04.02.2016 | 011/16 |
| Kommunestyret | 11.02.2016 | 002/16 |

Innstilling frå arbeidsgruppa:

1. Sula kommunestyre vedtar at framdrift og deltaking i dei vidare forhandlingane om ein storkommune på nordre Sunnmøre skal halde fram. Målet med forhandlingane er å oppnå eit så godt alternativ til å halde fram som eigen kommune som mogleg, uavhengig av talet på deltakarkommunar i forhandlingane.

2. Sula kommunestyre tar fremlagt informasjon om forslaget til nytt inntektssystem, avbøtande tiltak og utgreiing av interkommunale samarbeid til vitande, med atterhald i at endringane i inntektssystemet og kommunestruktur ikkje er vedtatt. Sula kommunestyre ber om at tidsplan for endeleg vedtak i Sula kommunestyre i juni vert tilpassa Stortinget si behandling av kommuneproposisjonen, så langt dette er mogleg.

3. Sula kommunestyre vedtar informasjonsstrategi med tiltak, jf. vedlegg. Arbeidsgruppa skal fortløpande vurdere supplerande tiltak og gjennomføre desse, men rådføre seg med styringsgruppa i prinsipielle spørsmål.

4. Sula kommunestyre vedtar framdriftsplan slik denne no ligg føre i vedlegg til saka, med atterhald om naudsynte tilpassingar i møtedatoar mv.

5. Sula kommunestyre vedtar slik oppdatert samansetting av forhandlingsutval Regionkommune Sunnmøre:

| Medlem: | Personleg vara: |
|---------------------------------|----------------------|
| Ordførar Jim Arve Røssevoll (A) | |
| Varaordførar Svein Værnes (Krf) | |
| Hallstein Skår (Frp) | Øystein Båtnes (Frp) |
| Vibeke Bjørkavåg (H) | Turid K.S.Humlen (H) |
| Jan Magnar Sandvik (SUL) | Magne A. Sunde (SUL) |

Forhandlingsutvalet skal, med utgangspunkt i utfordrings- og forhandlingspunkt stadfesta av formannskapet (styringsgruppa) i møte 19.januar, forhandle fram ein intensjonsavtale for

ein ny kommune på nordre Sunnmøre. Intensjonsavtalen skal danne grunnlag for å høyre innbyggjarane. Dersom vesentlege føresetnader endrar seg, eller forhandlingane ikkje fører fram i høve vedtekne utfordrings- og forhandlingspunkt for Sula, skal forhandlingsutvalet rådføre seg med styringsgruppa om vidare prosess. Styringsgruppa skal orienterast om framdrift og resultat frå forhandlingane på egna måte.

Øystein Båtnes vert vald som vara for Hallstein Skår i arbeidsgruppa for kommunereforma.

| Tittel | Dok.ID |
|--|---------------|
| Framdriftsplan og informasjonsstrategi kommunereform Sula vår 2016 1.0 280116 | 260897 |
| KS berekning for Møre og Romsdal - forslag til nytt inntektssystem | 260560 |
| Møtereferat_Regionkommune Sunnmøre_Sonderingsgruppa_7 januar 2016.doc | 259574 |
| Møtereferat_Regionkommune Sunnmøre_Sonderingsgruppa_12 januar 2016.doc | 260558 |
| Interkommunalt samarbeid mellom Ålesund og 12 (L)(1621246)(1).pdf | 260555 |
| Interkommunalt samarbeid - Oversikt (L)(1621244)(1).pdf | 260554 |
| Interkommunale samarbeid - Sula kommune sin andel av kostnader | 260752 |
| Utfordrings- og forhandlingspunkt - innspel frå Sula kommune til sonderingsmøte 7.januar | 258957 |
| Forslag til forhandlingsprosess 110116.pptx | 260557 |

04.02.2016 Formannskapet

Ordføraren orienterte om arbeidet sidan sist formannskapsmøte 19.januar.

Arbeidsgruppa si innstilling, med følgjande forslag om justering, vart samrøystes tilrådd:

a) Nytt punkt 6: "*Sula kommunestyre vedtar at ungdom, frå og med dei som fyller 16 år i løpet av 2016, kan delta i folkeavrøystinga om kommunesamanslåing*".

b) Punkt 1 - ordlyden bør endrast slik at målet med forhandlingane kjem tydelegare fram: andre setning i punkt 1 vert stroke. Første setning endrast til "*Sula kommunestyre vedtar at framdrift og deltaking i dei vidare forhandlingane om ein intensjonsavtale for ein storkommune på nordre Sunnmøre skal halde fram*".

c) Punkt 2 - siste setning vert eige punkt 7 formulert som følgjer: *Dersom det er mogleg vil Sula kommunestyre vente med vedtak av ein intensjonsavtale inntil Stortinget har gjort vedtak om nytt inntektssystem*.

F-011/16 Vedtak:

1. Sula kommunestyre vedtar at framdrift og deltaking i dei vidare forhandlingane om ein intensjonsavtale for ein storkommune på nordre Sunnmøre skal halde fram.

2. Sula kommunestyre tar fremlagt informasjon om forslaget til nytt inntektssystem, avbøtande tiltak og utgreiing av interkommunale samarbeid til vitande, med atterhald i at endringane i inntektssystemet og kommunestruktur ikkje er vedtatt.

3. Sula kommunestyre vedtar informasjonsstrategi med tiltak, jf. vedlegg. Arbeidsgruppa skal fortløpande vurdere supplerande tiltak og gjennomføre desse, men rådføre seg med

styringsgruppa i prinsipielle spørsmål.

4. Sula kommunestyre vedtar framdriftsplan slik denne no ligg føre i vedlegg til saka, med atterhald om naudsynte tilpassingar i møtedatoar mv.

5. Sula kommunestyre vedtar slik oppdatert samansetting av forhandlingsutval
Regionkommune Sunnmøre:

| | |
|--|--|
| Medlem: Ordførar Jim Arve Røssevoll (A) | Personleg vara: |
| Varaordførar Svein Værnes (Krf) | |
| Hallstein Skår (Frp) Vibeke Bjørkavåg (H) | Øystein Båtnes (Frp) Turid K.S.Humlén (H) |
| Jan Magnar Sandvik (SUL) | Magne A. Sunde (SUL) |

Forhandlingsutvalet skal, med utgangspunkt i utfordrings- og forhandlingspunkt stadfesta av formannskapet (styringsgruppa) i møte 19.januar, forhandle fram ein intensjonsavtale for ein ny kommune på nordre Sunnmøre. Intensjonsavtalen skal danne grunnlag for å høyre innbyggjarane. Dersom vesentlege føresetnadar endrar seg, eller forhandlingane ikkje fører fram i høve vedtekne utfordrings- og forhandlingspunkt for Sula, skal forhandlingsutvalet rådføre seg med styringsgruppa om vidare prosess. Styringsgruppa skal orienterast om framdrift og resultat frå forhandlingane på egna måte.

Øystein Båtnes vert vald som vara for Hallstein Skår i arbeidsgruppa for kommunereforma.

6. Sula kommunestyre vedtar at ungdom, frå og med dei som fyller 16 år i løpet av 2016, kan delta i folkeavrøystinga om kommunesamanslåing

7. Dersom det er mogleg vil Sula kommunestyre vente med vedtak av ein intensjonsavtale inntil Stortinget har gjort vedtak om nytt inntektssystem.

11.02.2016 Kommunestyret

Ordføraren orienterte utfyllande om prosess og møter i tidsrommet sidan førre orientering 17.12.16. Kommunestyret vart oppmoda om å kome med innspill til forhandlingsutvalet knytt til følgjande tema, jf. informasjon sendt ut til gruppeleiarane på e-post i forkant av gruppemøta:

- kommunenavn for ny kommune
- oppgåver, mandat og inndeling for kommunedelutval i den nye kommunen
- økonomi og prinsippet om "all in"

Økonomisjef Britt Blindheim orienterte om regjeringa sitt høyringsforslag om endringar i inntektssystemet. Kommunestyret vart opplyst om at det skal haldast felles kommunestyremøte om regionkommune Sunnmøre på Giske 29.februar.

Det vart halde pause før ordskifte i saka.

Under ordskiftet vart følgjande innspel til forhandlingsutvalet fremma:

Magne A. Sunde (SUL): Sunnmøre vil vere eit godt namn, kommunedelutval bør følgje dei gamle kommunegrensene.

Jan Magnar Sandvik (SUL): Kommunedelutval vil vere naturleg, då med budsjettmynde/mynde over lokale vegar, oppvekst og helse/sosialområdet.

Lars Gunnar Nesseth (H): Det bør vurderast om kommunedelsutvala kan ha mynde/ansvar knytt til tilsette i sitt område, samt til forvaltning av bygningsmassen.

Ronny H. Blomvik (Frp): Kommunedelsutvala bør ha mynde over til dømes skulestruktur og helse- og sosialtenestene.

Vibeke Bjørkavåg (H): Kommunedelsutvala bør som utgangspunkt, og den første tida, strukturast etter gjeldande kommunegrenser, og ha ansvar for skule, barnehage og lokale planvedtak.

Vibeke Bjørkavåg (H) sette fram slikt forslag til vedtak: "*Stryke punkt 7 i tilrådinga frå formannskapet.*"

Vedt votering vart punkt 1-6 i tilrådinga frå formannskapet samrøystes vedtatt.

Forslaget til Vibeke Bjørkavåg om å stryke punkt 7 falt med 24 mot 5 stemmer. Punkt 7 i tilrådinga frå formannskapet vert ståande.

K-002/16 Vedtak:

1. Sula kommunestyre vedtar at framdrift og deltaking i dei vidare forhandlingane om ein storkommune på nordre Sunnmøre skal halde fram.

2. Sula kommunestyre tar fremlagt informasjon om forslaget til nytt inntektssystem, avbøtande tiltak og utgreiing av interkommunale samarbeid til vitande, med atterhald i at endringane i inntektssystemet og kommunestruktur ikkje er vedtatt.

3. Sula kommunestyre vedtar informasjonsstrategi med tiltak, jf. vedlegg. Arbeidsgruppa skal fortløpande vurdere supplerande tiltak og gjennomføre desse, men rådføre seg med styringsgruppa i prinsipielle spørsmål.

4. Sula kommunestyre vedtar framdriftsplan slik denne no ligg føre i vedlegg til saka, med atterhald om naudsynte tilpassingar i møtedatoar mv.

5. Sula kommunestyre vedtar slik oppdatert samansetting av forhandlingsutval Regionkommune Sunnmøre:

| Medlem: | Personleg vara: |
|---|--|
| Ordførar Jim Arve Røssevoll (A) | |
| Varaordførar Svein Værnes (Krf) Hallstein Skår (Frp) | Øystein Båtnes (Frp) |
| Vibeke Bjørkavåg (H) Jan Magnar Sandvik (SUL) | Turid K.S.Humlén (H) Magne A. Sunde (SUL) |

Forhandlingsutvalet skal, med utgangspunkt i utfordrings- og forhandlingspunkt stadfesta av formannskapet (styringsgruppa) i møte 19.januar, forhandle fram ein intensjonsavtale for ein ny kommune på nordre Sunnmøre. Intensjonsavtalen skal danne grunnlag for å høyre innbyggjarane. Dersom vesentlege føresetnadar endrar seg, eller forhandlingane ikkje fører fram i høve vedtekne utfordrings- og forhandlingspunkt for Sula, skal forhandlingsutvalet rådføre seg med styringsgruppa om vidare prosess. Styringsgruppa skal orienterast om framdrift og resultat frå forhandlingane på egna måte.

Øystein Båtnes vert vald som vara for Hallstein Skår i arbeidsgruppa for kommunereforma.

6. Sula kommunestyre vedtar at ungdom, frå og med dei som fyller 16 år i løpet av 2016, kan

delta i folkavrøystinga om kommunesamanslåing.

7. Dersom det er mogleg vil Sula kommunestyre vente med vedtak av ein intensjonsavtale inntil Stortinget har gjort vedtak om nytt inntektssystem.

Bakgrunn for saka:

Formannskapet, som styringsgruppe for reformarbeidet i Sula kommune, fekk i møte 19.januar orientering om reformarbeidet, med vekt på konsekvensar av regjeringa sitt forslag til nytt inntektssystem for kommunesektoren. Formannskapet gjorde i møtet slikt vedtak:

“Formannskapet ber arbeidsgruppa for kommunereforma utarbeide ei sak med innstilling til styringsgruppa og kommunestyret, der ein legg til grunn ei heilskapleg og oppdatert vurdering av å halde fram som eigen kommune (nullalternativet). Saka må gjere greie for konsekvensar av foreslåtte endringar i inntektssystemet, moglege konsekvensar for Sula av endringar i interkommunale samarbeid, samt moglege tiltak for å bøte på inntektsfråfall.”

Denne saka er eit svar på bestillinga frå styringsgruppa. Saka tener i tillegg som statusoppdatering for arbeidet med kommunereforma, og arbeidsgruppa legg fram forslag til framdriftsplan og informasjonsstrategi for arbeidet framover. Kommunestyret blir i tillegg bedt om å gjere enkelte presiserande vedtak i samband med prosessen vidare.

I arbeidsgruppa for kommunereforma sit følgjande: ordførar Jim Arve Røssvoll, varaordførar Svein Værnes, Hallstein Skår (Øystein Båtnes vara), hovudtillitsvald Karoline A. Slinning (Fagforbundet), rådmann Leon Aurdal, kommunalsjef Kjetil Fylling, økonomisjef Britt Blindheim, formannskapssekretær Åge Erstad Remvik.

Kort historikk og status

Sula kommunestyre har vedtatt å greie ut to alternativ for framtida:

1) Å halde fram som eigen kommune:

Arbeidet med dette alternativet vart førebels avslutta i august 2015, etter at formannskapet over fleire møter hadde drøfta styrkar, svakheiter, truslar og moglegheiter for Sula i framtida. Konklusjonen frå arbeidet, jf. vedlagt utfordringsnotat lagt fram for kommunestyret 19.november 2015, var då at Sula er stor og robust nok til å klare seg åleine, men med eit viktig atterhald om at endringar i dei økonomiske rammevilkåra i komande forslag til nytt inntektssystem for kommunane., samt i korleis kommunane rundt oss behandlar spørsmålet, vil påverke Sula.

15.januar vart KS sine konsekvensberekningar av regjeringa sitt forslag til nytt inntektssystem lagt fram. Berekningane syner store økonomiske konsekvensar for mange kommunar, deriblant Sula. Med dei atterhald som følgjer av at Stortinget skal behandle og vedta nytt inntektssystem i mai/juni i år, inneber forslaget ei betydeleg endring i Sula kommune sine rammevilkår.

Dersom forslaga vert vedtekne i Stortinget, vil i tillegg insentiva for kommunesamanslåing lokalt og nasjonalt verte betydeleg styrka. Formannskapet i Skodje har allereie innstilt til kommunestyret at Skodje bør søke samarbeid med andre, og at det ikkje er grunnlag for å halde fram som eigen kommune. Dersom kommunestyret i Skodje, og eventuelt fleire andre av nabokommunane til Sula kjem til same konklusjon, vil også dette kunne få konsekvensar for Sula. Behov for å avvikle eller reforhandle interkommunale samarbeidsordningar er ein

slik direkte konsekvens, som blir drøfta i det vidare.

2) Å ta del i etablering av ein storkommune på nordre Sunnmøre (Regionkommune Sunnmøre)

Sluttrapporten frå prosjektet Regionkommune Sunnmøre vart lagt fram for kommunestyret 19.november 2015, og kommunestyret sette ned eit forhandlingsutval for å vere budd på eventuelle invitasjonar til forhandlingar. Prosjektet vart reetablert i desember 2015, og sidan då er det gjennomført 3 sonderingsmøter i prosjektet (sjå vedlagte møtereferat). Siste møte i det som no er omtala som sonderingsfasen vert halde 2.-3.februar. Den påfølgjande forhandlingsfasen tar til 8.februar og skal vere avslutta innan påske (20.mars), med følgjande forhandlingsdatoar:

- Måndag 8.februar (10.00-15.00)
- Fredag 19.februar (10.00-15.00)
- Måndag 29.februar (felles informasjonsmøte for alle kommunestyra)
- Tysdag 1.mars (10.00-15.00)
- Tysdag-onsdag 15.-16.mars (todagarssamling)

Det er sett opp ein milepælsplan for framdrifta i prosjektet, og planen er supplert med lokale aktivitetar/milepælar for Sula (vedlagt saka).

Saksopplysningar

Arbeidsgruppa vil i det følgjande beskrive og vurdere endringane i Sula kommune sine rammevilkår:

Forslag til endring i inntektssystemet for kommunane

Regjeringa sendte 16.desember 2015 ut på høyring forslag til nytt inntektssystem for kommunane, og som varsla vert forslaget sett i samanheng med den pågåande kommunereforma. Ei av dei viktigaste problemstillingane som no vert løfta fram er dagens kompensasjon for smådriftsulemper i kommunal tenesteproduksjon, og departementet legg no opp til å innføre ein modell der ein skil mellom frivillige og ufrivillige smådriftsulemper. Dette vert foreslått gjort ved å innføre eitt såkalla *strukturkriterium* for fastsetting av basistilskotet (eit tilskot som i dag vert fordelt alle kommunar med eit likt beløp, for 2016 om lag 13,2 mill. kroner til kvar kommune uavhengig av storleik), der reiseavstand for den enkelte innbyggjar for å møte 5 000 innbyggjarar vert lagt til grunn for ei gradering av tilskotet. Forslaget er utforma i tre variantar, med grenseverdier på hhv. 25,4km, 16,5km og 13,3km.

I tillegg har departementet oppdatert og justert delkostnadsnøklane som ligg til grunn for den samla fordelinga mellom kommunane.

Forslaget i si heilheit ligg på regjeringa si heimeside:

<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/forslag-til-nytt-inntektssystem-for-kommunene/id2467858/>

KS presenterte 14.januar i år berekna konsekvensar av forslaget på kommunenivå. Berekinga syner at innføring av eit nytt strukturkriterium for deling av basistilskotet vil føre til ein *reduksjon* i overføringar til Sula på om lag **7,5 mill. kroner**. Val av modell (grenseverdi) vil ikkje ha store utslag for Sula.

Vidare syner berekinga frå KS samla sett ein *reduksjon* i inntekter som følgjer av oppdatering av delkostnadsnøklane i inntektssystemet på **2,3 mill. kroner** for Sula sin del. Foreslått endringar i delnøklane gir både positive og negative utslag for Sula, men samla sett medfører endringane ein reduksjon. Endra delnøklar for til dømes *urbanitetskriteret* (2,2 mill.

kroner) og *born 2-5 år* (2,7 mill. kroner) slår positivt ut for Sula, medan *Psykisk utviklingshemma 16 år og over* (2,7 mill. kroner) og *Aleneboende 30 - 66 år* (2,1 mill. kroner) slår negativt ut.

Det er i tillegg knytt usikkerheit til skjønnstilskotet Sula kommune i dag mottar til barnehage på **4,2 mill. kroner**. Sjølv om det ikkje ligg konkrete forslag om endringar i dette i regjeringa sitt framlegg, har det vore ein føresetnad at dette skjønnstilskotet skulle falle bort når nytt inntektssystem vert sett i verk.

Veksttilskotet er eit anna element i inntektssystemet det er knytt usikkerheit til. I 2016 mottok Sula kommune 4,3 mill. kroner i veksttilskott. Dersom folketalsveksten flatar ut, slik tal for 3.kvartal 2015 indikerar, vil dette få konsekvensar for tilskotet. I tillegg kjem inntektsutjamninga, som vert vurdert årleg. Ordninga er viktig for Sula, og som ein kommune med lave skatteinntekter vil Sula vil tape på ei eventuell auke i skatteandelen.

Forslaget til endringar i inntektssystemet vil, dersom det blir vedtatt utan større endringar, få store konsekvensar for Sula kommune både på kort og lengre sikt. Som illustrasjon vil endringane, sett i samanheng med vedtatt disposisjon for økonomiplanperioden, gi følgjande resultat:

| Budsjett og økonomiplan | Bud. Forslag | Økonomiplan | Økonomiplan | Økonomiplan |
|--|--------------|-------------|-------------|-------------|
| 2016-2019 | 2 016 | 2 017 | 2 018 | 2 019 |
| Negativt resultat 2016 - 2018 saldert mot disposisjonsfo | 1 211 | 10 624 | 15 354 | 15 861 |
| Endring kostnadsnøkler | | 2 319 | 2 319 | 2 319 |
| Bortfall av basistilskot | | 7 548 | 7 548 | 7 548 |
| Bortfall av skjønsmidlar barnehage | | 4 200 | 4 200 | 4 200 |
| Negativt resultat med full verknad nytt inntektssystem | 1 211 | 24 691 | 29 421 | 29 928 |

Saldo for overskotsfondet i *vedtatt økonomiplan* :

| | |
|--|--------|
| Overskotsfond 31.12.2015 | 57 154 |
| Budsjettert brukt 2016-2019 | 43 050 |
| Saldo overskotsfond pr. 31.12.2019 vedtatt økonomiplan | 14 104 |

Som det går fram av vedlegg *KS- Virkningstabell Møre og Romsdal – nytt inntektssystem*, er det i hovudsak kommunane Kristiansund, Molde og Ålesund (i tillegg til Halså, Smøla og Aure) som samla sett tener på forslaget (ved grenseverdi sett til 25,4km). Bakgrunnen for dette er at uttrekket frå basistilskotet vert omfordelt etter innbyggjartilskotet, og folkerike kommunar vil då kome best ut. Det ser ut som at randkommunane til byane får dei største trekka, til fordel for byane og dei mest perifere kommunane med få innbyggjarar.

KS sitt notat og oversiktspresentasjonar ligg ute her:

<http://www.ks.no/fagomrader/okonomi/kommuneokonomi/effekter-av-forslag-til-nytt-inntektssystem/>

2) Konsekvensar av kommunesamanslåing i regionen – endring i interkommunale samarbeidsordningar

Interkommunale samarbeidsordningar finst i fleire formelle og uformelle variantar og organisasjonsformer og gjennomsnittleg deltar kvar kommune i Noreg i 11 formelle samarbeid. Interkommunalt samarbeid vil ofte vere ei gunstig løysing i høve til økonomi og tenestekvalitet, men kan gi visse utfordringar knytt til styring og kontroll. For mange kommunar er interkommunalt samarbeid ei naudsynt løysing for å kunne yte dei lovpålagte

tenestene til innbyggjarane.

Ei oppteljing gjennomført av NIVI i 2013 syner at Sula kommune deltar i 34 formelle interkommunale samarbeidsordningar med ein eller fleire av nabokommunane. Oppteljinga er avgrensa til formelle samarbeid etter kommunelova § 27 og 28, med enkelte tilpassingar. Samarbeida omfattar tenester innan dei fleste sektorar og av større eller mindre omfang. Ei anna oppteljing gjennomført for Ålesund kommune, der i tillegg ei rekkje uformelle samarbeid er synleggjort, syner at Sula deltar i 46 av dei ulike samarbeida Ålesund er del i.

Regjeringa har målsetting om å redusere talet og behovet for interkommunale samarbeid, og Fylkesmannen har råda alle kommunane i Møre og Romsdal om å skaffe seg oversikt over gjeldande interkommunale samarbeidsordningar dei deltek i. Ei slik oversikt, med tilhøyrande vurdering av behov, vil vere naturleg for alle kommunar som tek sikte på samanslåing. Også kommunar som vel å halde fram åleine vil bli berørt, dersom ein eller fleire av deltakarkommunane i eit samarbeid vel og slå seg saman.

Konsekvensane av ei endring i deltakande samarbeidspartar varierer noko ut frå type samarbeid. Ein sannsynleg konsekvens, dersom ein eller fleire partar trekk seg ut av eit samarbeid, er anten at samarbeidet opphøyrer eller at avtalen må reforhandlast. Dersom fleire av kommunane rundt Ålesund, som er sentral samarbeidspart for dei fleste av randkommunane, vedtek å danne ein ny storkommune vil det vere sannsynleg at fleire av dei samarbeidsordningane Sula tar del i dag vil opphøyre i si noverande form. Gitt at Sula held fram åleine vil ein då anten måtte etablere tilsvarande teneste sjølv (dersom lovpålagt) eller forhandle fram ein ny avtale om samarbeid eller kjøp av tenester frå den nye kommunen.

Dersom dei fleste kommunar rundt Ålesund no vel å halde fram som eigen kommune, men til dømes Skodje kommune vedtar å slå seg saman med Ålesund, er det meir sannsynleg at samarbeida vil kunne halde fram. Det vil likevel ligge føre ei endring i høve samarbeidspartar/eigarar i mange av samarbeida, som kan medføre reforhandling av avtalevilkår.

Det vert ikkje i denne saka gjort ei særskilt vurdering av kvar enkelt samarbeidsordning Sula deltek i, men følgjande beskriving av sentrale samarbeid på helseområdet kan tene som illustrasjon:

Sula kommune er part i ei rekke interkommunale samarbeid på helseområdet, t.d. legevaktstasjon, overgrepsmottak, legevaktssentral, kommunalt akutt døgntilbod (KAD) og mottakssentral for alarmar frå velferdsteknologisk utstyr (dei to siste under planlegging). Viktige tenester for innbyggjarane som er i rivande utvikling.

Det er fleire drivarar for denne utviklinga, men av dei viktigaste kan nemnast:

- Medisinsk teknologisk utvikling og nye behandlingsmetodar muleggjer heimebehandling og behandling i kommunale døgntilbod, i langt større grad enn tidlegare. Det dreiar seg om til dels avansert medisinsk behandling, som inntil nyleg berre vart gitt i sjukehus.
- Samhandlingsreforma fangar opp denne utviklinga og staten forventar at kommunene gjer meir og overtar stadig fleire oppgåver frå sjukehusa i takt med at sjukehusa spesialiserer seg ytterlegare. Skillet mellom 1.- og 2.-linetenesta er i bevegelse i retning auka spesialisering på begge nivå.
- Føreståande eldrebølge vil forsterke oppgaveoverføringa ytterlegare.
- Pressa sjukehusøkonomi fører til rasjonalisering og strukturendringar i sjukehusa, som aukar presset på oppgaveoverføring til kommunane.
- Nye myndighetskrav i form av skjerpa krav til kommunane mtp bemanning, utstyr og kompetansekrav, jfr t.d. ny akuttmedisinsk forskrift som trådte i kraft 01.05.15

- I sum aukar desse prosessane behovet for meir spesialisert kompetanse i kommunane.

Drivarane skaper ei kjensle i kommunehelsetenesta av å vere i ei kontinuerleg reform med nye oppgåver og auka krav til spesialisering. For personalet er mange av dei nye oppgåvene spanande og vil kunne verke rekrutterande. Det er auka arbeidspress og mangel på tid som skaper størst motstand, og ikkje dei nye oppgåvene.

Begrunningane for utviklinga er gode, anten ein ser det i eit fagleg perspektiv, i samfunns-perspektivet eller innbyggarperspektivet. Utfordringa er finansiering av den auka drifta. Her har vi lite å gå på. Auka spesialisering/kompetanse kostar, i form av opplæring og vedlikehald av kompetanse. Slike kostnader er uunngåelige. Framhaldande sjukehusbehandling av tilstandar som kan utførast i kommunane, er ikkje gyldig argument sett i samfunnsperspektivet.

Utviklinga som er skildra ovanfor, har ført til at mange kommunar vel å løyse desse oppgåvene ved hjelp av interkommunale samarbeidsordningar, slik også i vår region. Ein ser at spesialisering, oppgaveoverføring og nye myndighetskrav gjer at oppgåvene best kan løysast ved samarbeid om større driftseiningar.

Vurdering av konsekvensar - interkommunale samarbeid på helseområdet:

Sula kommune har eit ganske omfattande interkommunalt samarbeid innan helseområdet og er med i samarbeid om ytterlegare utvidingar, t.d. KAD og mottakssentral for velferdsteknologi. Ålesund kommune er vertskommune for desse samarbeida. Det har vore gode faglege grunnar for dei samarbeida som er utvikla (muleggjer spesialisering, enklare å møte skjerpa nasjonale krav, redusert sårbarheit mv.). Større einingar er òg viktig for tryggleiken til tilsette og vi har erfaring for at det verkar rekrutterande.

Ser ein på utviklinga som har vore siste åra og den utviklinga som er førespeila og ønska slik det er uttrykt i sentrale dokument, er det liten grunn til å tvile på at denne utviklinga vil halde fram. Vi er i dag svært avhengige av desse interkommunale samarbeida og vil bli meir avhengig av dei i framtida. Denne ballen vil ikkje stoppe å rulle. Sula kommune, til liks med samanliknbare kommunar, strevar med å ha god nok kvalitet og variasjon i tenestetilbodet i dag på fleire område. Sula kommune opplever alt i dag at innbyggjarar etterspør meir spesialiserte tenester som vi strevar med å levere. Det er både svak økonomi og få tilfeller av sjeldne tilstandar som gjer dette krevande og er årsakene til at vi ikkje kan forsvare å bygge ut tilstrekkelig differenserte tilbod i eigen regi.

Det er mange fordelar med store einingar for å løyse spesialiserte og krevjande oppgåver. Det er likevel viktig å vere klar over at det òg fins stordriftsulemper. Ein tenker då gjerne på mindre fleksibilitet, ikkje like god lokalkunnskap, lengre linjer i organisasjonen osv. I vektinga av fordelar og ulemper vurdert opp mot førespeila utvikling og skjerpa krav, veg fordelane tyngst.

Som nevnt ovanfor, blir mange av dei nye oppgåvene møtt positivt av personalet vårt, men få tilfeller og økonomi setter grenser for kva vi kan forsvare å bygge ut. I 0-alternativet med vesentleg svakare økonomi, framstår denne utfordringa som enno meir krevjande.

Oppsummering:

Formannskapet bad arbeidsgruppa vurdere følgjande:

- *konsekvensar av foreslåtte endringar i inntektssystemet*

- *moglege konsekvensar for Sula av endringar i interkommunale samarbeid,*
- *samt moglege tiltak for å bøte på inntektsfråfall*

Oppsummert vurderer arbeidsgruppa følgjande:

Endringar som følgjer av evt. nytt inntektssystem – avbøtande tiltak:

Eit vedtak i Stortinget om å endre inntektssystemet som skissert i forslaget frå departementet vil få alvorlege konsekvensar for det vidare drift i Sula kommune. Som tabellane for økonomiplanperioden syner vil den forespegla reduksjonen i inntekter forverre eit allereie utfordrande driftsresultat i perioden, og overskotsfondet vere tilnærma tømt innan 2019. I tillegg kjem usikkerheit knytt til storleiken på veksttilskotet og eventuelle endringar i inntektsutjamninga.

Potensialet for inntekter som følgjer av innføring av eigedomsskatt, som eitt av få moglege tiltak for å bøte på inntektsfråfallet, er usikkert. Eit grovt anslag, basert på inntekter frå tilsvarande i Giske kommune, tilseier at Sula kommune kan berekne om lag 9 mill. kroner ved lavaste skattesats (2%, frå 2017). Ved trinnvis årleg maksimalauke tilseier dette utgangspunktet 18 mill. kroner i 2018 (sats 4%), 27 mill. kroner i 2019 (sats 6%) og 31,5 mill.kroner i 2020 (høgaste sats 7%).

| Budsjett og økonomiplan | Bud. Forslag | Økonomiplan | Økonomiplan | Økonomiplan |
|--|--------------|-------------|-------------|-------------|
| 2016-2019 | 2 016 | 2 017 | 2 018 | 2 019 |
| Negativt resultat 2016 - 2018 saldert mot disposisjonsfo | 1 211 | 10 624 | 15 354 | 15 861 |
| Endring kostnadsnøkler | | 2 319 | 2 319 | 2 319 |
| Bortfall av basistilskot | | 7 548 | 7 548 | 7 548 |
| Bortfall av skjønsmidlar barnehage | | 4 200 | 4 200 | 4 200 |
| Eigedomsskatt | | -9 000 | -18 000 | -27 000 |
| Negativt resultat med full verknad nytt inntektssystem | 1 211 | 15 691 | 11 421 | 2 928 |

Kommunen har enkelte andre moglegheiter for auka inntekter gjennom auke i brukarbetaling eller eigendelar (til dømes SFO, musikkskule, mv.), men utslaga av slike endringar vil vere små i budsjettsamanheng.

Dersom ein vurderer budsjettkutt, isolert eller som alternativ til eigedomsskatt, vil tiltak knytt til bemanningssituasjonen vere ei naudsynt vurdering. Eksempelvis vil eit rammekutt på 10 mill. kroner, realisert gjennom bemanningsreduksjon, tilsvare om lag 20 stillingar.

Arbeidsgruppa vil i denne samanheng syne til budsjettbehandlinga for 2016, og innmeldte, uprioriterte behov frå sektorane. Kommunestyret sitt vedtak om rammeauke til oppvekst og helse- og sosialsektoren var eit tilsvar til udekkja behov i tenestene per i dag, og arbeidsgruppa vurderar ei realisering av kutt gjennom reduksjon i stillingsheimlar som svært krevjande.

Konsekvensar av endringar i interkommunale samarbeid

Arbeidsgruppa reknar det som sannsynleg at ein eller fleire kommunar i vår region vil slå seg saman som følgjer av kommunereforma. Eit vedtak om endringar i inntektssystemet vil auke sannsynlegheita for dette. Konsekvensen for dei interkommunale samarbeida av endring i kommunestrukturen er usikker og kvart samarbeid vil måtte takast opp til nærare vurdering.

Arbeidsgruppa reknar det som sannsynleg at ein slik gjennomgang vil kunne medføre reforhandling av vilkår for fleire av samarbeida. Arbeidsgruppa vurderar risikoen for at reforhandling av avtalar vil føre til ei auke i Sula kommune sin kostnad ved å delta i samarbeida. I tillegg kjem ein ukjent risiko for at Sula sjølv vil måtte etablere og drifte sentrale tenester det i dag vert samarbeidd om, med dertil høyrande kostnadar og sårbarheit.

Eventuelle auker i kostnader som følgjer av reforhandling eller opphøyr av samarbeidsordningar kjem i tillegg til eventuelle inntektsreduksjon som følgjer av foreslått endring av inntektssystemet.

Konsekvensar av å ikkje følgje Kommunal- og moderniseringsdepartementet sin tidsplan for reforma.

Sula kommune har valgt å følgje departementet sitt løp 2 for kommunereforma. Denne seier at endeleg kommunestyrevedtak skal vere fatta innan 1.juli i år, at Stortinget skal behandle ein samla proposisjon om kommunestrukturen i 2017, og at ny struktur skal vere gjeldande frå 2020.

Inntektssystemet, med eventuelle endringar, skal behandlast av Stortinget i juni 2016 og gjelde frå 1.januar 2017. Regjeringa uttalar at for kommunar som held fristen og gjer vedtak om samanslåing innan 1.juli 2016, vil den nye kommunen behalde inndelingstilskota (les: basistilskotet) som var gjeldande i inntektssystemet *for 2016*. Eit eventuelt ønskje i Sula kommune om å oversitte fristen vil derfor kunne føre til at ein tar med seg eit lavare bidrag inn til den samla økonomien i ein ny kommune (gitt at endringane i inntektssystemet blir vedtatt slik dei no er foreslått).

I tillegg vil ein, om ein vel å ikkje ta del i dei forhandlingane som no startar opp, miste moglegheita til å vere med på å utforme den nye kommunen.